

**Fra:** Post Alver byggesak  
**Sendt:** mandag 1. november 2021 09:02  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** VS: Spørsmål om riving av eldre kårhus m.m.

---

**Fra:** Reidar Leiv Furelid <[rfurelid@yahoo.com](mailto:rfurelid@yahoo.com)>  
**Sendt:** søndag 24. oktober 2021 23:27  
**Til:** Postmottak Alver <[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)>  
**Emne:** Spørsmål om riving av eldre kårhus m.m.

Vonar dette kan sendast vidare til avdeling som kan gje orientering / svar / på det eg er ute etter.

**Gjeld gard nr. 182, bruk nr. 4: Gausereide.**

Kårhuset på garden har no vore ute av bruk i kring 20 år. Det vart bygd der det står i 1911 etter ein større brann der tre bygningar rauk til. Det har vorte bygd på i minst 4 vender. Då blir det som det blir,- og vi fann, og finn, det lite verd å rehabilitera. Vart plassert som det vart meir av omsyn til sjanse for kjellar,- enn korleis det elles måtte passa i høve til sol og utsikt. - Det har og vore nokre lekasjar gjennom åra.

- Så har vi ein tanke om å byggja eit nytt kårhus på bruket. Plasseringa er då tenkt litt høgare i terrenget: Omlag der våningshuset som brann i 1911 sto.

**Avløpet frå huset er oppjustert av Lindås kommune** i høve at Storevatnet vart drikkevatt. Såleis går vi ut frå at det eksisterande avløpsanlegget kan nyttast av eit erstatningshus for det som no står der. Alle gardsbruka i nedbørsfeltet til Storevatnet har rett til to bustadhus. *DEN* saka er avgjort for kring 40 år sidan,- og eg får tru at ingen finn at *DET* skal diskuterast i dag!

- Eg har freista få svar frå det lokale brannvesenet om det eventuelt kan brennast som eit øvingsprosjekt. Utan til no å ha fått noko svar på det. Men vi er mest innstilte på at dette er eit rivingsprosjekt.

- I alle høve er planen at uansett skal skifertaket takast ned på forsvarleg vis. Sameleis er det meininga at ein god del av kledningen skal rivast for gjenbruk. Det gjeld primært den delen som er impregnert. Sameleis vil vindaugene, toalett og omnane m.m. verta tekne ut. Dette har vi ein avtale med eit lokalt byggjefirma om å få gjort når det er aktuelt.

**Dette gjeld såleis eigentleg to (2) forhold:**

**1. Riving av det eksisterande kårhuset.**

## 2. Og plan om nytt kårhus på bruket.

**Desse sakene heng saman,- og må få ei *saml*a løysing som er brukeleg for framtida på bruket.**

Dette er **ikkje søknad** om verken riving av eksisterane kårhus, eller om oppføring av nytt og høveleg kårhus (like ved der eksisterande kårhuset står). Søknader må vi koma ettende til. Men eg må be om å bli orientert om søknadsprosessane.

- Eg ønskjer såleis **opplysande svar** så vi eventuelt kan starta prosessen. Så aktuelle søknader kan sendast! - Eg har vore til ein samtale om saka,- men beklagelegvis vart eg ikkje særleg visare av det. For å koma vidare,- må eg be om at eg får svar på spørsmåla mine. Innan rimeleg tid. Helst svar som epost. Til den her brukte sendaradressa.

Med vennleg helsing  
Reidar Leiv Furelid